

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Torsdag 23.apr 2026 Kl. <u>17.00 – 19.00</u>
Møtestad:	Kyrkjekontoret
Opning:	Kirsti

Til stades: Sigrid Beate Eskeland, Kirsti Angvik Frugård, Knut Johannes Gram, Runar Isdahl, Jørgen Knudsen, Randi Agnete Nysæter og Njål Rune Sortland

Forfall: Leif Steinar Alfsvåg, Magne Andresen, Anders Dahl, Dag Kjetil Læg Reid og Dag Sele

SAKLISTE

2026/19 - 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent
To saker til eventuelt.

2026/20 - 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

vedl 1

Vedtak: Godkjent, med eit par merknader vedr. det språklege.

2026/18 - 217 Frivilligkoordinator for Stord sokn (Utsett frå førre møte)

vedl 2

AU har laga eit utkast til oppgåver / profil for ein frivilligkoordinator-stilling, med bakgrunn i drøftingane i februar-møtet.

Soknerådet drøftar 1) oppgåvene i ei slik rolle, og 2) aktuelle namn.
Send gjerne innspel på aktuelle namn du tenkjer på i forkant av møtet (når du kjem på det).

Momenter frå samtalen:

1) Dette er inga stillingsannonse, men eit ønske fra AU. Noe omfattande. Positive til formålet med stillinga. Tror ein forventer for mye utifrå stillingsprosenten (20%). Viktig å få på plass ein person som har hovedansvaret for å få rekruttert frivillige og oppfølging av disse.

Viktig å få presisert at dette er eit ønske, og at stillingsannonsen må formulerast annerleis, slik at ein ikkje «skremmer vekk» aktuelle søkare.

2) Ingen aktuelle namn

Vedtak: Soknerådet ber AU sende skildring av rolla til fellesrådet med førespurnad om å få opprette ei slik stilling, finansiert av ledig tilskot innan kyrkjeleg undervisning og læring.

2026/21 - 012 Plan for soknemøte 28.apr

Soknerådet avtaler praktisk gjennomføring av soknemøtet.

Randi skal leie møtet og informerte om programmet. I tillegg til det som ligger ute, skal Randi ha ein opning og Anders informere litt kort frå årsrapporten.

Sigrid Beate orienterte om praktisk gjennomføring. Mange som stiller. Trenger noen flere til å rydde opp etter møtet. Njål Rune sa at han kunne bli med på det.

Alle har ansvar for å gjøre det kjent via sine kanaler og muntlig.

Vedtak: Ingen.

2026/22 - 360 Kyrkjelivsutval

Konkludere korleis vi styrker kyrkjelivsutvalet framover, jfr drøfting i februar-møtet.

Momenter frå samtalen:

Kirsti sa litt om bakgrunnen for ønsket om å få styrket kyrkjelivsutvalet.

Mange har forventning om at det skal skje noe meir i kyrkja, t.d. onsdagskveld i kyrkja, middag i kyrkjestova, etc.

Vi i utvalet har prøvd å få til søndagsmiddag i Kyrkjestova, spurt folk om å vere med å arrangere onsdagskveldar, uten å få positiv respons. Gjer arbeidet noe tungt.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Grethe og Kirsti var med i komite for Kyrkjelydsleiren 2025 – og valgte å konsentrere seg om den hausten 2025.

Fleire i soknerådet sa at det allereie skjer mykje i Kyrkja og mange er involvert i korene Ictus, Sanctus og Happy, som og kan sjåast som ein del av kyrkjelyden sitt arbeid. Det som skjer i Kyrkjestova høyrer og med. Kanskje vi ikkje treng at noko meir skjer?

Forslag om at Kyrkjelivsutvalet kan fortsette arbeidet med Kyrkjelydsleir, å få igang onsdagskveldar i kyrkja, søndagsutflukt, t.d. til Huglo.

Vedtak: Kyrkjelivsutvalet tar ei møte om kva dei vil fokusere på, og kven ein kan spørre om å vere med. Dei gir ein tilbakemelding på soknerådsmøtet 9.juni.

2026/23 - 023 Plan for soknet 2026-2027 utsatt til neste møte.

Innleiande samtale om tankar for neste skuleår, og avklaring av forventningar til prosess og arbeid i utvala.

Me arbeider med spørsmåla:

- *Ressursar: Har vi nye ressursar å spele på? Er det nokre som ikkje er der lenger?*
- *Utfordringar: Kva opplever vi er utfordringane til kyrkjelyden vår?*

Forslag til vedtak:

Utvala bes sende inn forslag til satsingar for skuleåret 2026-2027 til AU innan 29.mai for vidare handsaming i soknerådsmøtet 9.juni. Soknerådet løftar fram følgande ressursar og utfordringar som innspel til samtalan i utvala: ...

2026/24 - 121 Søknad om støtte frå koret Happy

Koret «Happy» har søkt soknerådet om økonomisk støtte på 5000kr for året 2026. Enstemmig positiv respons på dette.

Vedtak: Soknerådet innvilgar støtte til koret «Happy» med 5000kr. AU avgjer kor pengane skal komme frå.

2026/25 - 311 Gudstenestepplan og takkofferføremål hausten 2026

Gudstenesteutvalet legg fram forslag til gudstenesteliste og takkofferføremål hausten 2026. Framlegg vert sendt ut tysdag før møtet.

Vedtak: Soknerådet vedtek gudstenestelista og takkofferføremål som framlagd.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår»? Orientering ved sokneprest.
Avslutning av konfirmantarbeidet. Samarbeid med Fitjar sokn om bl.a.gravferd i Nysæter og Stord sokn.
2. Orientering frå fellesrådet v/Knut
Foreløpig regnskap. Nyansettelser. Bekymring for at vi framleis er for få tilsette, sjølv om vi sparer noko på dette. Kyrkjelydshuset.
Kommentar: Oppfordring til ikkje å gi opp å få det i nærleiken av kyrkja, t.d. Kyrkjeberget.
3. Evaluering av DØGNET 10.-11.april
Positivt. Godt program. Halvor Nordhaug ein god formidlar. Vart rista litt saman, sjølv om ein godt kunne hatt meir tid til drøs. Interessant. Kjekt å ta testen. Utbytterikt. Det gjør noe med fellesskapet å få reise på hotell og vere i lag utover «det formelle».
4. Evaluering av arrangement (Utsatt frå førre møte)
 - a. Drop-in bryllaup
Det kom ingen. Soknerådet holder i det og vi prøver igjen til neste år. Må komme tidlegare på banen med å annonsere at dette er mogleg.
 - b. Møtehelg
Fungerte godt. Gode tilbakemeldingar. Svartdahl ein god formidlar. Viktig med dette samarbeidet mellom Leirvik bedehus og Stord kyrkje.

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Godt oppmøte fredag. Litt lite folk lørdag ettermiddag. Fullt på Kulturhuset.

Eventuelt:

1. Flytting av Kyrkjelydsleiren. Soknerådet gjekk inn for å flytte leiren frå oktober/november til 18.-20.september. Kirsti følger dette opp. Invitere Nysæter sokn med.

2.-Melding frå Leif Steinar /leiar i gudstenesteutvalet om medarbeidararfest 27/8-26. Leiar i programkomiteen er Astri Valvatne Granli. Alle utval vel ein representant. Meld inn navn på representanten i.l.a. veke 18

Sigrid Beate Eskeland
Nestleiar

Kirsti Angvik Frugård
Referent